

REFERAT FRÅ FAU-møte 07.11.23

Til stades:

Marita Kvam, 1.tr gr.2
Anne Gabriella Halland, 1.tr gr.1
Birthe Østerbø, 2.tr. gr.1
Kristine Andresen Midlang 3.tr. gr.2
Marita Boge 4.tr. gr.1
Ingrid Bakke Johannessen 4.tr. gr.2
Silje Drange Hesvik 5.tr. gr.2
Trond Skage 6.tr. gr.2
Sylwia Katarzyna Chimicz for SFO

Avdelingsleiar Inge Vik

Ikkje møtt: Jonny Thorkildsen, Bjarte Refvik, Nina Nordvik, Kjell Sigvart Heltorp, Therese Marie Golten

Sak 1. Juleavslutning:

Det er snart tid for å avvikle den årlege juleavslutninga. Etter litt diskusjon landa me på at datoen: 13. desember passar best for dei frammøtte.

Det kom forslag om å slå saman klassane sine innslag på scena, så det blir færre innslag men meir ryddig framføring.

Inge foreslo at ein lot lærarane vurdere om det er hensiktsmessig å slå saman nokon klassar, ettersom det er svært mange elevar som skal opp på scena, og det kan fort bli trengsel når dei blir veldig mange på ein gong. FAU sa seg einig i dette.

Lærarane satte fram stolar i fjor. Det kan dei gjere i år og, så kan Fau rydde etterpå.

I fjor var det 1. nisse pr. trinn. Me går for den løysninga i år og.

Klassekontaktane ordnar 1 nisse og 1 vakt på kvart trinn.

- Vakter ved nødutgangene: 3 stk
- Vakter på parkeringen: 4 stk som etterkvart trekker inn og hjelper til inne.
- Vaktane går med gule vestar.
- Nissane får nisseklede. Kristina sjekker om me har nok nisseklede til alle.

Begrensningar på 2 vaksne og yngre sysken blir gjeve til kvar elev på arrangementet, då det er ca. 240 elevar dette skuleåret.

Kristine kontaktar Rema 1000 og høyrer om me får godteposar sponsa. Me lagar ca. 350 godteposar.

Kristine: Kjøper nokre små plast tre med lys, som kan brukast om igjen. Desse kan stå til pynt på scena. Me droppar stort juletre, ettersom det ikkje blir aktuelt å gå rundt juletreet.

Sak 2: 17.mai feiring

Mange føresette stiller ikkje på 17.mai møter, derfor er det viktig å byrje planlegginga av 17.mai arrangementet tidleg for å klara å gjennomføra det.

Me planlegger ein dato før jul til fyrste møtet: 21.11 kl 19.00.

Kristina lagar innkalling – blir lagt i Transponder og klassekontaktane legg den ut på trinna sine facebook sider.

På 17.mai møtet er målet å finne ansvarlege for kvar komite.

Det er viktig at det bli tatt eit evalueringsmøte rett etter gjennomføringa av 17.mai arrangementet. Kristina har dokumentasjonen frå forrige års 17.mai arrangement.

Sak 3. Trafikktryggleik ved Sundhallen

(Sak som var meldt inn til Anna Gabriella på 2.tr.)

Det oppleves ofte kaotisk på parkeringsplassen nede ved Sundhallen.

Det kom forslag om å lage eit fotgjengarfelt frå skulen til Sundhallen. Dette kan gjere folk meir merksame på fotgjengarar, og gjere at folk ikkje parkerer der det er oppmerka. Inge vil kontakte drift og sjekke om dette lar seg gjennomføre.

Det kom forslag om å sende melding på transponder om at foreldra må snakka med ungane om å ikkje springe over parkeringsplassen når dei skal til/frå Sundhallen eller til/frå ein ventande bil.

Ref. Ingrid Bakke Johannessen